

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ George Nicholas Nelson
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 01.12.2015

Fråsegn til endringssøknad gjeldande overføring av vatn 1062 og vatn 1112 på Pyttafloene

Vi viser til synfaring i samband med overføring av to vatn på Pyttafloene 13.10.2015 og endringssøknad frå Statkraft 21.10.2015. Merknadsfristen er 01.12.2015.

Vi har følgjande merknader i samband med synfaringa og endringssøknaden:

1. Pyttafloene er ein del av eit viktig utfartsområde i friluftslivssamanhang og ein viktig inngangsportal til Folgefonna nasjonalpark. Pyttafloene er ein del av eit større samanhengande naturområde med urørt preg. T-merka rute (Markjelke – Hundsøyra) går rett i kant på vestsida av vatn 1062 og ved vatn 1112 går den i kant på austsida av vatnet, jf. **vedlegg kart 1 og bilete 1, 3, 4, 5 og 6**. Området har også tyding for reiselivsbasert turisme, td. Folgefonni breførarlag. Ruta over Pyttafloene er ein inngangsportal til Folgefonna nasjonalpark.

2. Vi ber NVE og Olje- og energidepartementet leggje til grunn ei vurdering av sumverknader av tyngre tekniske inngrep på Folgefonnhalvøya. Dette er eit relevant moment i vurderinga etter vassdragsreguleringslova § 8 og naturmangfaldlova § 10. Vi ber også NVE vektleggje at Statkraft Energi allereie har mottatt løyver for større overføringar av vassressursar til Mauranger kraftverk. Samanlikna med dei overføringane som Statkraft Energi allereie har mottatt løyver for, så framstår planane om overføring av to vatn ved Pyttafloene som unødvendig. Eit overordna føremål med kraftproduksjon er at den skal vera ”samfunnsmessig rasjonell”, jf. energiloven § 1-2. Ein viktig del av dette vilkåret er at ein også skal ta omsyn til «allmenne interesser (...) som blir berørt.

3. Hordaland fylkeskommune har gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av landskap i Hordaland. Vi kan ikkje sjå at tiltakshavar har lagt til grunn dette kunnskapsgrunnlaget i utforming av søknaden eller i utforming av føreslåtte endringar.¹

Pyttafloene er eit platålandskap prega av glasiale prosessar. Fisketomme små og større vatn er spreidd over dette platået. Landskapet her er særigeint og ligg i randsona til Folgefonna

¹ Sjå: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Planretteleiing/plantema/Landskap-i-plan/Landskapskartlegging-av-Hordaland-fylke/>

Nasjonalpark, jf. vedlegg bilete 2 og bilete 5, og kart2 og kart3. Landskapet høyrer til "Storforma og alpine fjellmassiv" (merka som "17T02-04", jf vedlegg kart 2 og bilete 2). Vi viser til naturmangfaldlova § 1, og at "landskapsmessige og geologisk mangfold" også er omsyn som forvaltingsmyndigheitene skal ivareta. Det er difor relevant å leggja dette til grunn i vurderinga etter vassdragsreguleringslova § 8.

4. Det er relevant å visa til regional plan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021. Regional plan klassifiserer området som sårbart høgfjell av "stor verdi" og friluftslivområde av "stor verdi". Verknaden til regional plan er at den skal leggjast til grunn for regionale organ, kommunal og statleg planlegging i Hordaland.² Vi ber om at retningslinje R4, R6 og R7 i denne planen vert lagt til grunn i vurderinga av prosjektet.

5. Vi viser til Olje- og energidepartementet sitt brev til Noregs vassdrags- og energidirektorat datert 11.05.2015. Olje- og energidepartementet legg her fram ei ny retningslinje for ivaretaking av store sammenhengende naturområder med et urørt preg. Det skal gjennomførast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle. Vi ber NVE leggja vekt på at Pyttafloene inngår i eit større samanhengande område med eit urørt preg: a) området er ein del av randsona mot Folgefonna nasjonalpark, b) platålandskapet er eit utkikkspunkt mot Nordfonna, Midtrefonna og Sørfonna, c) frå platålandskapet er det flott utsyn mot Nordrepollen og Austrepollen, og fjellmassiva rundt, d) det er også relevant å leggja vekt på at vatn 1112 inngår i eit inngrepsfritt område som strekkjer seg inn i nasjonalparken, og er ein del av det same INON-området som dekkjer nasjonalparken og e) det er ikkje gjennomført noko tyngre tekniske inngrep i platålandskapet på Pyttafloene i dag og g) føreslåtte avbøtande tiltak vil ikkje bidra til å ivareta "store samanhengande naturområder med urørt preg".

6. Endringssøknaden legg opp til eit redusert overføringsvolum for vatn 1112. Endringssøknaden fører til at "restvannføringen ned Såfossen øker fra 45 til 63 % av middelvassføringen". Overføringsplanane vil framleis ha verknad for Såfossen, som eit sentralt landemerke i Austrepollen.

7. Vi viser til naturmangfaldlova § 8. Vi ber NVE vurdere moglege konsekvensar for vassføringa i Øyreselva og Austrepollselva, og at det i rapporten "Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022: Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering" (Rapport 49/2013) vert vist til behovet for "minstevannføring i Austrepollselva og Øyreselva for å bedre forholdene for sjørret" (046.3Z Maurangervassdraget). Vi ber NVE og OED vurdere om overføringane bidrar til å betra forholda for anadrom fisk i Øyreselva og Austrepollselva.

8. Vi viser til nettutviklingsplanen 2015 og resultat frå analyseseksjonen i Statnett presentert i kap. 4: «Basert på beregnet normalårstilsig har Norge og Norden i dag en svakt positiv kraftbalanse i normalåret, men overskuddet er voksende. Til 2020 forventer vi at overskuddet vokser til ca. 10 TWh i Norge og ca. 30 TWh i Norden».

9. På synfaringsmøtet 13.10.2015 gjorde Statkraft Energi greie for at dei er i gong med å kartleggja oppgraderingspotensialet for Folgefonnverkene. Mauranger kraftverk er ein del av Folgefonnverkene. Vi ber Statkraft Energi leggje fram resultata for NVE. Energiplanlegging

² Sjå: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Energi/Politiske-vedtak-og-planar/>

må føregå i eit heilskapleg perspektiv. Eit overordna føremål med kraftproduksjon er at den skal vera ”samfunnsmessig rasjonell”, jf. energiloven § 1-2. Det er difor relevant å vektleggja kva ein kan vinna av ny produksjon gjennom oppgradering av eksisterande infrastruktur, og dermed redusera behovet for nye naturinngrep. Vi ber om at dette momentet inngår i ei vurdering etter vassdragsreguleringslova § 8.

10. Avveginga mellom ulemper og føremoner er ein sentral del av vurderinga etter vassdragsreguleringslova § 8. Med utgangspunkt i dagens produksjon i Mauranger kraftverk kan vi ikkje sjå at det planlagte prosjektet bidrar med vesentleg ny kraftproduksjon, og er heller ikkje vesentleg for forsyningstryggleiken og er ikkje eit viktig bidrag til magasinert kraft. Vi kan heller ikkje sjå at det er nødvendig å gjennomføra tekniske inngrep i eit stort samanhengande naturområde med urørt preg for å vinna 2,7 GWh (opprinneleg søknad: 3,4 GWh) i estimert årsproduksjon. Prosjektet er planlagt i eit område med nasjonal verdi. Utfartsområdet Pyttafloene er ein viktig inngangsportal til Folgefonna nasjonalpark. Området har ingen tyngre tekniske inngrep. Terskel ved utlaupet til Vatn 1112 vil føre til redusert vassføring i Såfossen. Terskel ved utlaupet til Vatn 1062 vil redusera dreneringa til Øyreselva og vil redusera vassføringa i foss ”1062”. Ulempene for allmenne interesser har etter vårt syn større vekt enn føremonene med det planlagte prosjektet, jf. vassdragsreguleringslova § 8. Vi kan difor ikkje tilrå prosjektet.

Vi viser til tidlegare fråsegn frå Bergen og Hordaland Turlag i saka, 30.10.2014. Vi viser også til fråsegner frå Kvinnherad Turlag i saka. Vi støtter synspunkta og innspela som er levert av Kvinnherad Turlag

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Vedlegg:


Vi viser også til fotodokumentasjon som Kvinnherad Turlag har sendt til NVE.

Kart1: T-merka rute frå Markjelke – Hundsoyra går over Pyttafloene. Ruta er vist på kartutsnittet nedanfor og er merka raudt. Grøn linje viser avgrensinga av nasjonalparken. Vi ber NVE vektleggje at det planlagte prosjektområdet inngår i eit utfartsområde for friluftsliv av ”stor verdi”.




Kart 1 Utsnitt frå turkartet ”Folgefonna nasjonalpark” (målestokk 1:50 000, kjelde: Nordeca/ kartserie 2663).

Bilete 1: T-merka varde ved vatn 1062, Pyttafloene. Delar av Midtfonna er synleg til venstre i biletet.



Bilete 1 T-merka varde ved Vatn 1062.

Kart 2: Kartlegging og verdisetting av landskap i Hordaland.



Kart 2 Utsnitt frå landskapstypekartet for Hordaland fylke, ”Kartlegging og verdisetting av landskap i Hordaland”. Utsnittet syner mellom anna landskapskartlegginga av Nordrepollen (22-02-10 og 22T05-04), Austrepollen (22-02-09) og Pyttafloene (17T02-04) (kjelde: Hordaland fylkeskommune).

Bilete 2: Nordleg del av Pyttafloene med Nordfonna i bakgrunnen (luftfoto).



Bilete 2 Pyttafloene, platålandskap som høyrer til landskapskategori ”Storforma og alpine fjellmassiv” (synfaring 13.10.2015, foto: Bergen og Hordaland Turlag). Både Nordfonna og Midtfonna er synlege landskapselement frå toppen av Pyttafloene.

Kart 3: 3d-landskapsmodell GoogleEarth og området kring Pyttafloene.



Kart 3 Gule markørar i kartutsnittet syner posisjonane til vatn 1062 og vatn 1112 på Pyttafloene (GPS-data frå synfaringa 13.10.2015, kartgrunnlag: 3d-landskapsmodell frå GoogleEarth).

Bilete 3: Vatn 1112




Bilete 3 Området kring Vatn 1112. Nordfonna og Midtfonna er godt synleg frå området kring Vatn 1112. T-merka rute går rett i kant med vatn 1112 på austsida (synfaring 13.10.2015, foto: Bergen og Hordaland Turlag).

Bilete 4: Vatn 1062



Bilete 4 Området kring Vatn 1062. Nordfonna og Midtfonna er godt synleg frå området kring Vatn 1062. T-merka rute går rett i kant på vestsida av Vatn 1062 (synfaring 13.10.2015, foto: Bergen og Hordaland Turlag).

Bilete 5: Utsyn mot Nordrepollen frå T-merka rute ved Vatn 1062.



Bilete 6: Utsyn nordvestover frå T-merka rute ved Vatn 1062.

